

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-G16, TI-&00  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 19.11.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
134/20	Alver kommunestyre	23.11.2020

## Forskrift om smitteverntiltak i Alver kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek på bakgrunn av lokal smittesituasjon forlenging av og justeringar av «Forskrift om smitteverntiltak, Alver kommune», vedteken 6. november 2020 av kommuneoverlegen, med dei endringar som kjem fram i justert forskrift, vedlagt saka. Vedtaket vert gjort med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1.

Forlenging og endringar gjeld frå og med tysdag 24. november 2020 kl. 00.00.00 til og med 7. desember 2020 kl. 23.59.59.

Kommunal kriseleiing ved rådmann får fullmakt til å vurdere og eventuelt justere tiltaka i ei mindre innskjerpande retning etter ei veke.

### Alver kommunestyre 23.11.2020:

#### Handsaming:

#### Framlegg frå A.Fresvik-SV:

Paragraf 5, 3 ledd om treningssenter går ut

Alver SV foreslår at treningssenter i Alver kommune kan være åpen på følgende vilkår:

- Følge de nasjonale smittevernreglene for treningssenter.
- Ikke ta imot drop-in/gjestetrening, kun medlemmer får trene ved sentrene.
- Kun tillate medlemmer som har bosted i Alver kommune å trene.
- Redusere max antall som til enhver tid kan trene ved sentrene
- innføre forhåndsbooking av treningstid
- ha bemanning i hele åpningstiden

Med bakgrunn i smittetallene i Alver kommune som nå er 3,04/1000 foreslår Alver SV at treningssentrene får åpne fra og med i morgen, 24.11.20.

Evidensgrunnlaget for å holde treningssentrene stengt er ikke fremkommet og en videre stenging kan få dramatiske konsekvenser for bransjen. I Alver kommune er det ca 70 arbeidsplasser som står i fare. Den juridiske konsekvensen av en fortsatt nedstenging vil kunne ramme kommunen økonomisk noe som også må tas med i beregningen

Framlegget fekk 3 røyster og fall, A.Fresvik-SV, Ø.Nigar-SV og H.Weber-R.

#### Framlegg frå S.Toff-V:

Nytt 2 avsnitt i § 3:

I husstandar som har meir enn fem medlemmer, kan alle medlemmer likevel vere til stades samtidig.

Husstandar på fire eller fleire medlemmer kan ha inntil to gjester samtidig.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med nytt 2 avsnitt i § 3 vart samrøystes vedteke

**Framlegg frå SP, KRF, AP og H ved T.Larsen-H:**

Dersom det er behov for å justere eller forlenge forskriften vidare etter 7.12.2020, gir Kommunestyret Formannskapet mynde til å gjere dette jf smittvernloven §7-1, sjette ledd. Partier som ikkje er representert i formannskapet får møte- og talerett i formannskapet ved behandling av saker delegert gjennom dette vedtak. Fullmakta gjeld til første ordinære kommunestyremøte i 2021.

Framlegget vart samrøystes vedteke

**KO- 134/20 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek på bakgrunn av lokal smittesituasjon forlenging av og justeringar av «Forskrift om smitteverntiltak, Alver kommune», vedteken 6. november 2020 av kommuneoverlegen, med dei endringar som kjem fram i justert forskrift, vedlagt saka og nytt 2 avsnitt i § 3.

Vedtaket vert gjort med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1.

Forlenging og endringar gjeld frå og med tysdag 24. november 2020 kl. 00.00.00 til og med 7. desember 2020 kl. 23.59.59.

Kommunal kriseleiing ved rådmann får fullmakt til å vurdere og eventuelt justere tiltaka i ei mindre innskjerpande retning etter ei veke.

Dersom det er behov for å justere eller forlenge forskriften vidare etter 7.12.2020, gir Kommunestyret Formannskapet mynde til å gjere dette jf smittvernloven §7-1, sjette ledd. Partier som ikkje er representert i formannskapet får møte- og talerett i formannskapet ved behandling av saker delegert gjennom dette vedtak. Fullmakta gjeld til første ordinære kommunestyremøte i 2021.

**Samandrag av saka:**

Kommuneoverlegen fatta 6. november 2020 vedtak om «Forskrift om smitteverntiltak, Alver kommune» med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1.

Bakgrunnen for vedtaket var ei sterk oppmoding frå helseminister Bent Høie og FHI om at kommunane i Bergensregionen (Bergen, Alver, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden, Samnanger, Osterøy og Vaksdal) innførte målretta, tydelege og like tiltak i heile regionen. Dette med bakgrunn i ein forståing om at regionen stod ovanfor ein felles utfordrande smittesituasjon. Tiltaka blei fatta i lokal forskrift for kvar av kommunane, men dei åtte kommunane jobba tett saman om utforminga etter råd frå helsemyndigheitene om å utarbeide likelydande forskrifter. Forskriftene blei gjort gjeldande frå og med 7. november til og med måndag 23. november.

Den overordna målsettinga var og er å ivareta liv og helse slik at færrest mogleg blir smitta. Mange får få eller ingen symptom, men for nokre er viruset svært farleg, og i nokre tilfelle dødeleg. Det er derfor avgjerande å forhindre at kapasiteten i helsetenestene vert overbelasta, særleg kapasiteten på sjukehusa og spesielt intensivkapasiteten. Det å sørge for at menneske som kan ha blitt smitta, held seg heime og ikkje smitter andre, er det aller viktigaste tiltaket for å forhindre smittespreiing.

Denne saka handlar om ei eventuell forlenging og eventuell justering av den forskrifta for Alver kommune og er løfta til kommunestyret for avgjerd då ein no har eit tidsvindaug til å gjere dette. Endeleg framlegg til justert lokal forskrift om smittevern i Alver kommune er utarbeidd i tett samarbeid mellom dei åtte kommunane basert på samla smittesituasjonen i regionen og erfaringar frå innføringa av forskrifta den 7. november. Framlegget til forskrift er likelydande som i dei andre kommunane.

Føljande justeringar er lagt inn i forskrifta:

- Justering av forbodet på meir en 5 personar i private samankomster
  - Alle hustandar kan ha inntil to gjestar.
- Presisering av reglene om bruk av munnbind. Formuleringa «fare for at» tatt inn etter råd frå politiet. Formuleringane blir då: «Munnbind/ansiktsmaske skal brukast når det er fare for at éin-meters avstandskravet ikkje kan overhaldast.»
- Ikkje forbod mot breddeidrett der vaksne trener eller konkurrerer aleine.
- Påbodet for munnbind for førar av taxi gjeld berre når det er passasjerar i bilen.

### **Konsekvensar av saka/vedtaket:**

Økonomi: Innføringa av tiltaka i den lokale forskrifta kan ha konsekvensar for lokalt næringsliv og auka utgifter for kommunen.

Klima: Bidrar til å oppfylle FN sitt berekraftmål nummer 3 om god helse for alle.

Folkehelse: Viktig for å førebyggja og hindra spreiding av allmennfarleg smittsam sjukdom i kommunen vår.

### **Saksframlegg:**

Etter at koronapandemien braut ut i mars har heile samfunnet levd med smittevernreglar kor avstand til kvarandre, god handhygiene og det å holde seg heime når ein er sjuk har vore tre av dei viktigaste tiltaka. Det er dei framleis.

### **Bakgrunn for innføring av lokal forskrift**


Etter å ha slått ned første bølge i vår, var det ein lang periode utan smittetilfelle i Alver. I slutten av august/byrjinga av september fekk ein ei oppblomstring av smittetilfelle i Bergen kommune, då særleg kytt opp mot unge vaksne og dei ulike studentmiljøa som hadde starta opp att etter sommaren. Bergen kommune handterte dette ved å innføre lokal forskrift og fekk tilsynelatande slått utbrotet til ein viss grad ned igjen, men 6. oktober byrja smittetala igjen å peike oppover med ei sterk og markant auking i slutten av oktober. Dette gjorde at helseminister Bent Høie kalle inn ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i kommunane rundt Bergen, saman med byrådet i Bergen, helsedirektoratet og FHI, til eit digitalt møte onsdag 28. oktober. Helseministeren kom i møtet med ei sterk oppmoding om at kommunane rundt Bergen samordna seg og fatta vedtak i tråd med dei vedtaka Bergen kommune gjorde i si lokale forskrift. Dette ut frå at kommunane i Bergensområdet er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion kor også ein også har sosial kontakt gjennom ulike sport- og kulturaktivitetar og handel. Oppmodinga gjekk særleg på å redusere mobiliteten for å hindre smittespreiing på kryss og tvers i regionen.

Gjennom dei påfølgande dagane jobba kommunane saman i fleire møter på ordførar/kommunedirektør/rådmann/byrådsleiar/byrådsnivå for å utarbeide likelydande forskrifter som kunne vedtakast i dei aktuelle kommunane (Bergen, Alver, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden, Samnanger, Osterøy og Vaksdal). Arbeidet blei gjort i samarbeid med helsemynde, då særleg FHI som gav råd og innspel. Arbeidet med sjølv forskrifta blei leia av byrådsleiaren i Bergen.

Kommuneoverlegen i Alver var heile tida tett på dette arbeidet og ordførar/rådmann orienterte kommunal kriseleing i møter 4., 5. og 6. november om situasjonen og arbeidet. Sjølve vedtaket om «Forskrift om smitteverntiltak, Alver kommune» blei gjort av kommuneoverlegen. Vedtaket blei gjort med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1. (Kommuneoverlegen er ein del av kommunal kriseleing ved handtering av pandemi).

### Smittesituasjonen

Initiativet frå helseministeren kom med bakgrunn i auka smittet i Bergen og i kommunane rundt. I Alver har det vort importsmitte knytt til mellom anna studentar og framandarbeidarar. Vi har hatt lokale smitteutbrot i Alver, og har ved fleire høve måtte sette større grupper i karantene både på skuler og barnehagar. Vi så ein kraftig auke i dagane før forskrifta vart vedteken.




Kjelde: [bt.no/FHI/msis](https://bt.no/FHI/msis)

Som grafen syner er det framleis smitte i Alver per 16. november med 0,54 smitta per 1000 innbyggjar siste 14 dagar. Til samanlikning har Bjørnafjorden på same tid 1,28, Askøy 1,45, Bergen 2,84 og Øygarden 1,25.

Utviklinga i smitte kan også illustrerast i figuren nedanfor. Denne viser at «hestekuren» verkar, med det smittevern-faglege rådet er at det er for tidleg å gjere vesentleg lette i tiltaka allereie etter to uker.

### Vis tallene som:

Insidens  Kumulativ



Sjølvs om tala viser ein reduksjon gir dei altså grunnlag for å vurdere ei vidareføring av den lokale forskrifta også etter den 23. november. Helse Bergen opplyste om eit R-tal (kor

mange kvar smitta smitter vidare) på 1,6 i veke 46. I førre veke (47) meldte dei om eit R-tal på 1,1. Det er ikkje kome oppdatert R-tal for veke 48. Dette kan vere ein indikator på at forskrifta og tiltaka har effekt, men det er usikkerheit knytt til estimering av R-talet og helse Bergen poengterer at så lenge talet er over 1 så vil vi ha fleire smitta i morgon enn i dag og at det er viktig å halde fram. Feilmarginen i kalkylen er mellom 1,0 og 1,5. R-talet er basert på dei faktiske smittetala. For å sikre ei «smittefri» jul må R-talet i Helse Bergen området vere 0,6 frå no og fram til jul.

Mange av dei som får påvist covid-19, veit ikkje kor de har blitt smitta. På landsbasis reknar FHI med at vi finn ca. 50 % av dei som har viruset. Om denne prosenten er lågare eller høgare hos oss, vet vi ikkje. Vi kjenner altså ikkje den reelle førekomsten i Alver. Derfor må alle møter mellom menneske sjåast på som ein risiko for spreiding av viruset.

### **Vurdering:**

Det er grunn til å være forsiktig optimistisk vedrørende effekten av tiltaka som ble iverksett for 2 veker sidan, sjølv om det framleis er for tidleg å sjå heile effekten av tiltaka. Det vert imidlertid forventa at smittetalla vil fortsette å gå ned, men at ein ser den fulle effekten tidlegast om 2 veker.

Basert på dagens smittesituasjon i Alver kommune og Bergensregionen meiner derfor rådmannen at det er naudsynt å forlengje forskrifta i ytterlegare ei periode. Dei siste dagane har vist ein utflating av nye smittetilfelle. For å unngå ein ny auke og behov for nye rundar med tiltak og kraftigare tiltak, meiner rådmannen at forskrifta bør forlengast i 14 dagar.

I det påfølgande vil vi gje ei vurdering av nokre av tiltaka i dagens forskrift som eit bakteppe til forlenging av forskrifta.

Som ei generell innleiing er det viktig å poengtere at vi i forskrifta, så langt det har latt seg gjere, har forsøkt å skjerme barn og unge. Blant anna har ein halde seg på gult nivå i skuler og barnehagar og ikkje heva dette til raudt, som for vidaregåande skuler. Bakgrunnen for dette er basert på den kunnskap som folkehelseinstituttet sitter på per september. Kort oppsummert er dette (henta frå FHI, <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/fakta/barn-og-unge/>)

- *Barn i barneskolealder og yngre blir sjeldnere syke av det nye koronaviruset. Hvis de blir syke, har de oftest et lett forløp av covid-19.*
- *Barn blir sannsynligvis smittet i samme grad som voksne, men siden de får få eller ingen symptomer virker de å være mindre smittsomme enn voksne.*
- *Syke barn kan imidlertid smitte andre, og det vanligste er at de smitter andre i samme husstand. Det er sjelden barn smitter andre barn eller voksne utenfor husstanden.*
- *Smittespredning på skoler og i barnehager er i liten grad med på å drive smittespredningen i samfunnet.*

*Ungdom smitter trolig mer enn barn fordi de får mer symptomer ved covid-19. Ungdom kan i tillegg ha en levemåte som øker risiko for smittespredning, som for eksempel et større og mer geografisk spredt kontaktnett, behov for nær omgang med jevnaldrende og det er risiko for tiltakstretthet.*

### Private samankomster med meir enn fem personar

Dette er kanskje det punktet i forskrifta som det har vore mest diskusjon om, både før det blei vedteken og i etterkant. Bakgrunnen for å innføre denne avgrensinga er råd frå FHI om å vurdere å redusere moglegheita for private sosiale arrangement/samankomster.

Det er unntak er husstandar med fleire enn fem familiemedlemmar, born som bur i fleire familiar (t.d. etter samlivsbrot) og etablerte kohortar i barnehage og skule. Desse skal også kunne vere saman på fritida.

Kva tal som er rett er vanskeleg å vurdere, men tilrådinga frå FHI er å avgrense tal kontaktar kvar innbyggjar har mest mogleg, i den smittesituasjonen vi no har i Bergensområdet. Risiko for smittespreiing mangedobla ved ein samankomst av ti personar samanlikna med ein samankomst med fem personar. Det er både dobbelt så mange som kan ha med seg smitte til arrangementet og dobbelt så mange som kan ta med seg smitte.

Dette er eit inngripande tiltak, men tiltaket mykje å seie for å avgrense potensiell smittespreiing. Det er ofte i private hushald det er vanskeleg å oppretthalde avstandsregelen på minimum ein meter. Avstand er framleis den mest effektive metoden for å avgrense smittespreiing.

Rådmannen meiner at tiltaket inngripande, men vil likevel tilrå å forlenge dette tiltaket. Private samankomster er ein hovudsmittekjelde og dette er eit effektivt tiltak for å få ned smitte i Alver kommune og i Bergensregionen. Rådmannen foreslår ein justering gjennom eit unntak slik at alle husstandar med meir enn fire medlemmar kan ha inntil to gjester. Det vil gjere tiltaket mindre inngripande. Lokal smitte i Alver kommune og R-talet i Bergensregionen må lengre ned før ein kan foreslå ein større lette i dette tiltaket.

#### Innandørs arrangement på offentleg stad med inntil 20 deltakarar

Mange offentlege stader har plass til 20 personar (+ betjening/arrangør) med tilfredsstillande avstandskrav (minimum ein meter mellom kvar deltakar til ein kvar tid) og at det er mykje enklare å følgje dette opp enn det er i private heimar. Det er også krav om faste sitteplassar slik ikkje fleire personar sit på same plass. Innandørs arrangement på offentleg stad utan fast seteplassering er ikkje tillate.

FHI har utarbeidd råd kring avstand. I høve forskrifta sit pålegg om maksimalt 20 personar på offentleg arrangement er det særleg verdt å merke seg punktet om å halde auka avstand, minst 1 meter, til alle andre enn dine nærmaste.

I samband med gravferd har ein gjort eit unntak slik at inntil 50 personar kan delta. Dette med bakgrunn i at veldig mange lokaler (kyrkjer, forsamlingslokaler) kor dette går føre seg har god kapasitet til å sikre at ein framleis kan overholde kravet om avstand. Samstundes er det viktig at familiar i sorg kan få ta ein verdig avskjed med avdøde.

Rådmannen vurderar at dette tiltaket er mindre inngripande enn tiltaket om private samankomster. Fleire smitteutbrot i Norge har skjedd etter innandørs arrangement på offentleg stad. COVID-19 viruset vert spred der folk møter kvarandre. Dette tiltaket vil ha klar positiv verknad. Rådmannen tilrår å forlenge tiltaket uforandra.

#### Redusert opningstid på skjenkestader, restaurantar mv

Skjenkestadar, restaurantar, kafear, kantiner og andre serveringsstader har ikkje same avgrensing som innandørs arrangement med inntil 20 personar. Her er det lokalet si utforming som er retningsgivande. Det er krav om 1 meter avstand mellom gjestar som ikkje er frå same husstand. Utfordringa for mange serveringsstader er krav om munnbind når ein ikkje sit ved bordet/på fast plass og ein ikkje kan overhalde avstandskravet på ein meter. Dette er gjort i eit forsøk på å gjere det mogleg for serveringsstadane å oppretthalde ei viss form for drift. Det same er grunnen til at ein har innført stengeplikt klokka 2200 og skjenkestopp kl. 2130.

Vurderinga av dette tiltaket er uendra.

## Stenging/avgrensing av fritidsaktivitetar

Det er ikkje innført restriksjonar på trening, kultur og fritidsaktivitetar for barn og unge under 20 år, men restriksjon på kampar, cupar og turneringar. Dette er gjort for å avgrense mobiliteten i regionen. Skal ungar på cup eller kamp så er naturleg foreldre/vaksne med. Denne mobiliteten ønskjer ein å avgrense.

Det er av same grunn ein har vald å ikkje tillate breiddeidrett for vaksne. Ei av hovudhensiktene med forskrifta er nettopp å hindre at ein forflytter seg frå stad til stad og at mange samlast i aktivitet kor ein ikkje kan eller det er vanskeleg å halde avstand.

Dette er også grunngevinga for at treningssenter, bingohallar, museum og liknande aktivitetar skal haldast stengt.

Covid-19 smittar hovudsakleg via dråpe- og kontaktsmitte der virus blir overført frå luftvegane til ein sjuk person vidare til ein anna person. Difor er god hygiene eit viktig tiltak for å hindre spreiding. Då forskrifta blei innført var det difor viktig å avgrense stader folk kunne samlast og kor ein risikerte overføring av smitte t.d. gjennom kontaktsmitte. Av denne grunn valde vi å stenge t.d. treningssenter, sjølv om dei har gode rutinar for reingjering av utstyr før og etter bruk.

Rådmannen meiner at tiltaket inngripande, men vil likevel tilrå å forlenge dette tiltaket. COVID-19 viruset er eit virus som smitter mellom menneske der menneske er samla, og alle tiltak som reduserer tal møter mellom menneske, vil redusere spreidinga av viruset. Lokal smitte i Alver kommune og R-talet i Bergensregionen må lengre ned før ein kan foreslå lette i dette tiltaket.

## Avstandskrav i butikkar/kjøpesenter

Krav om at butikkar må sørge for at det ikkje er fleire til stade i lokalet enn at det kan haldast to meter avstand er ei matematisk avgrensing på kor mange som kan vere inne i lokalet samstundes. Framleis gjeld regelen om ein meter avstand. Regelen er laga for at alle kundar i butikken skal kunne til ein kvar tid halde ein meters avstand, også når kundane er i bevegelse.

### **Konklusjon:**

Basert på dagens smittesituasjon meiner rådmannen at det er naudsynt å forlenge forskrifta i ytterlegare ei periode. Dei siste dagane har vist ein utflating av nye smittetilfelle. For å unngå ein ny auke og behov for kraftigare tiltak, meiner rådmannen at forskrifta bør forlengast i 14 dagar. Moglege justeringar er vurdert. Dette er omtala i gjennomgangen ovanfor.

### **Vedlegg i saka:**

23.11.2020	Forskrift om endring av Forskrift om smitteverntiltak i Alver kommune 061120	1478219
19.11.2020	Notat vedr. 'Forskrift om smittevern Alver kommune' _	1476637